



Gloppen kommune

Møtebok

Utval	Eldrerådet
Møtestad	På Søreide
Dato	29.01.2018
Tid	Kl. 13:00 - 15:00

Følgjande medleamar møtte	Frå
Olav Moritsgård	
Maria Lundestad	
Hans Myklebust	
Olav Felde	
Egil Holme	
Arnfinn Jørgen Brekke	KRF
Arnar Hans Kvernevik	AP

Andre som møtte

Anita E. Lothe, helse og omsorgssjef i sak 3/18 og 4/18

Jan Kåre Fure, rådmann i sak 4/18

Orienteringa i sak 3/18 vart gjeve felles med rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, i forkant av møtet.

Møteleiar: Olav Moritsgård

Underskrift:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
005/18	Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste
006/18	Referat og orienteringssaker
003/18	Helse og omsorgsplan 2018 - 2030 - høringsutkast
004/18	2018-budsjettet: Sektorvise tiltak for å kome ned på fastsett ramme



Saksnr.	Utval	Møtedato
005/18	Eldrerådet	29.01.2018

Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste

Vedlegg i saka:

21.11.2017 Protokoll - Eldrerådet - 20.11.2017

Rådsleiar si tilråding:

1. Eldrerådet godkjenner møteprotokollen frå siste møte.
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Møteprotokollen frå siste møtet blir lagt fram til godkjenning.

Samstundes ber rådsleiar om godkjenning av innkallinga og saklista til dette møtet.

Eldrerådet 29.01.2018

Behandling

ELD- 005/18 Vedtak

1. Eldrerådet godkjenner møteprotokollen frå siste møte.
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Vedtaket var samrøystes.



Saknr.	Utval	Møtedato
006/18	Eldrerådet	29.01.2018

Referat og orienteringssaker

Eldrerådet tek sakene til orientering.

Orienteringssaker:

1. Referat frå fylkeseldrerådet med elektronisk lagring på fylkeskommunen si nettside.
2. Endringar i TT - ordninga i Sogn og Fjordane - tilrettelagt transport
3. Forslag om endra starttidspunkt for råda.

Ordet fritt...

Eldrerådet 29.01.2018

Behandling

Sekretær for eldrerådet, Beate Kornberg, orienterte om sakene.

ELD- 006/18 Vedtak

Eldrerådet tek sakene til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
007/18	Helse- og omsorgsutvalet	31.01.2018
003/18	Eldrerådet	29.01.2018
004/18	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	29.01.2018

Helse og omsorgsplan 2018 - 2030 - høyringsutkast

Vedlegg i saka:

22.01.2018 Helse- og omsorgsplan 2018 - 2030 - Høyringsutkast til helse- og omsorgsutvalet

Rådmannen si tilråding

Helse- og omsorgsutvalet godkjenner rådmannen sitt høyringsutkast, og legg planen ut på høyring i perioden 2. februar til 16. mars 2018.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kommunen sin planstrategi for perioden 2016-2020, vart det vedteke å starte arbeidet med ny kommunedelplan for helse og omsorg i løpet av 2017. Gjeldande helse- og omsorgsplan vart vedteken i 2007 med tidsramme fram mot 2010, og har ikkje vore rullert etter dette.

Helse- og omsorgstenestene våre har vore gjennom store endringar i løpet av denne perioden, samtidig som både utfordringane og oppgåvene er i ferd med å endre seg. Kommunen har vore i forkant med å bidra til innovasjon og utvikling innan helse og omsorg i fylket, og vore tidleg ute med å følgje opp viktige sentrale føringar. Dette ønskjer vi å forankre i ein ny helse- og omsorgsplan.

Fakta i saka

Planen skal sikre at vi framleis skal ha gode helse- og omsorgstenester til innbyggjarane i Gloppen kommune, og god ressursutnytting fram mot 2030. Planen tek utgangspunkt i dei største helseutfordringane våre og legg føringar for ei heilskapleg og berekraftig utvikling av tenestetilboda i tråd med statlege føringar. Dei lokale utfordringane våre er utdjupa i kommunen sitt kunnskapsgrunnlag 2017 – «Helse og trivsel». I ny samfunnsdel som etter planen skal vedtakast i februar 2018, er «I forkant» valt som ein overordna strategi for same periode, og legg vidare sterk vekt på å skape og utvikle «Rike og rause livsmiljø».

Helse- og omsorgsplanen legg difor vekt på å sette helse inn i ein større samanheng. Det er i familien, nærmiljøet, på arbeidsplassen og i lokalsamfunnet at helsa vår vert forma. Planen peikar derfor, i større grad enn det tidlegare plan gjorde, på den einkilde sitt ansvar for eige liv. Den legg og vekt på å utvikle gode strategiar for helsefremjande arbeid i samarbeid med andre aktørar. Planen dekkjer alle aldrar, og tydeleggjer eit sektorovergripande og tverrfagleg ansvar.

Innleiingsvis i planen finn de statlege, regionale og kommunale føringar som har betydning for dette området (kap.2). I kapittel 3 omtalar vi dagens utgangspunkt i helse- og omsorgstenestene. Utfordringar og løysingar som har eller får betydning for tenestene er her omtala.

Arbeidsgruppa har valt sju overordna strategiar og satsingar som vi ønskjer å prioritere for å løyse utfordringane våre (kap.4).

Desse er:

1. Ansvar for eige liv
2. Tidleg innsats
3. Samarbeid (Strategien blir utdjupa i A. Samarbeid med brukar, pårørande og nettverk, B. Samarbeid med frivillige og C. Samarbeid på tvers av fag og sektorar).
4. Rehabilitering og habilitering
5. Rekruttering og kompetanse
6. Digitalisering og velferdsteknologi
7. Gode bumiljø

Vidare er planen delt inn i to hovuddelar: «*Barn, unge og familiar*» (kap.5) og «*Vaksne*» (kap.6). Desse kapitla inneheld ei omtale av hovudutfordringar og tiltak. Kapittelet om barn, unge og familiar har ei sektorovergripande tilnærming, og skal også behandlast i oppvekstutvalet etter høyringsperioden. Inndelinga er med på å gjere planen lettare tilgjengeleg for andre sektorar og tenester.

Siste kapittel (kap.7) inneheld ein tabell der alle tiltak i planen er samla. Tiltaka er kobla til aktuelle strategiar, og tabellen inneheld vidare forslag til oppstart (tidfesting) og korleis rådmannen ser føre seg plassering av ansvar. Ansvarsplassering er berre meint til orientering, og skal ikkje vedtakast politisk.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planen har økonomiske konsekvensar som må innarbeidast i økonomiplanar gjennom heile perioden.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen meiner at arbeidsgruppa sitt utkast til ny helse- og omsorgsplan for perioden 2018 – 2030 har teke utgangspunkt i gode strategiar og tiltak for at løyse framtidens utfordringar. Valde strategiar og tiltak er etter rådmannen si vurdering med på å sikre ein best mogleg prioritering av våre begrensa ressursar og legg til rette for ei berekraftig utvikling. I arbeidet med planen har det, i tråd med vedteke planprogrammet, blitt lagt godt til rette for medverknad. Dette gjeld innspel frå møteserien «God alderdom i Gloppen» våren 2016, møtepunkt med frivillige, aktuelle einingar i både helse og omsorg og oppvekst og gjennom arbeidsgruppa sine tre brukarrepresentantar. Planen svarer på dei tema som er særskilt nemnt i planprogrammet.

Det bør leggjast opp til ei rullering etter fire år.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 29.01.2018

Behandling

Helse- og omsorgssjef Anita Lothe la fram saka for eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i lag. Råda gjekk kvar til sitt for handsaming.

RAD- 004/18 Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner planen kan leggjast ut på høyring, men ynskjer ein kortversjon av planen.

Vedtaket var samrøystes.

Eldrerådet 29.01.2018

Behandling

Helse- og omsorgssjef Anita Lothe orienterte om arbeidet med og hovudinnhald i planen. Orienteringa var felles med rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

ELD- 003/18 Vedtak

Eldrerådet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
008/18	Helse- og omsorgsutvalet	31.01.2018
008/18	Oppvekstutvalet	31.01.2018
010/18	MULTEK-utvalet	01.02.2018
003/18	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	29.01.2018
004/18	Eldrerådet	29.01.2018

2018-budsjettet: Sektorvise tiltak for å kome ned på fastsett ramme

Vedlegg i saka:

- 12.01.2018 Aktuelle innsparingstiltak helse- og omsorgsutvalet
- 12.01.2018 Aktuelle innsparingstiltak i oppvekstsektoren
- 12.01.2018 Innsparingar MULTEK sitt budsjettområde for teknisk og landbruk
- 12.01.2018 Innsparingstiltak - formannskapet
- 12.01.2018 Innsparingstiltak i kultursektoren

Rådmannen si tilråding

.....utvalet viser til formannskapet sitt vedtak i sak 5/18, og set i verk følgjande tiltak for å oppfylle vedtaket:

-
-

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vi er no komne så langt i gjennomgangen av 2018-budsjettet at formannskapet har fastsett ramme for kvart hovudutval. Dette vart gjort på møtet den 24. januar i år, og formannskapet sitt vedtak lyder slik i sak 5/18:

a) Formannskapet viser til rådmannen si saksutgreiing og fastset desse rammene for kutt i driftsbudsjettet for 2018 for kvart hovudutval (rådmannen sine tal i parantes):

- Formannskapet 900 000,- (716 000)
- Oppvekstutvalet 1 750 000,- (2 619 000)
- Helse- og omsorgsutvalet 3 100 000,- (2 460 000)
- MULTEK-utvalet 2 300 000,- (1 853 000)

b) Forventa innsparing som følgje av stillingsstopp vert 3,0 mill. (alle sektorar).

c) Innsparing på oppvekst sitt område - post 21300 - restbetaling for norskopplæring frå Jølster kommune vert flytta til rekneskap 2017 for styrking av resultatet.

d) Formannskapet / kommunestyret ber om at nærings sakene vert flytta frå MULTEK sitt

ansvarsområde og over til formannskapet sitt område.

e) Formannskapet ber om at det til neste møte vert lagt fram ei oversikt over økonomien knytt til kommunen sine aktivitetar i Trivselshagen IKS (både idrett og kultur). Saman med notatet skal det leggest fram eit organisasjonskart.

f) Formannskapet ber om at bygging og drift av nytt omsorgsbygg vert innarbeidd i økonomiplan 2019 - 2022 med byggestart so tidleg som mogeleg. Den kommunale drifta må tilpassast slik at auka driftsutgifter grunna nytt omsorgsbygg kan takast inn med full verknad so snart bygget er klart.

Pkt a-c vart vedteke med 5 røyster. Pkt d-f var samrøystes.

Hovudutvala skal no vedta tiltak for å kome ned på fastsett ramme.

Fakta i saka

Utgangspunktet for formannskapet sitt vedtak er naturlegvis den gjennomgangen som har vore i arbeidsgruppene. I saksutgreinga var dette rådmannen si vurdering, som formannskapet også viser til i sitt vedtak:

Til dei to store utvala sine område vil rådmannen minne om at vi for helse- og omsorgsutvalet sin del har eit svært stramt budsjett for heimetenesta på Sandane og for oppvekstutvalet sitt del eit krav om å utvide talet på barnehageplassar i inneverande barnehageår. Rådmannen tar – i alle fall litt – omsyn til dette i tilrådinga.

Bakgrunnen for kravet om 4 mill. i overskot er eit ønske om å 'ha noko å drive politikk på' for å uttrykke dette litt populistisk. Rådmannen tilrår ikkje kutt i rammene for å oppfylle dette ønsket/kravet. Listene frå arbeidsgruppene viser kva tiltak det er råd å gjennomføre og langt på veg konsekvensane av desse tiltaka viss budsjetta blir kutta meir enn det som arbeidsgruppene tilrår.

Rådmannen meiner listene gjev kommunestyret godt nok grunnlag for å vurdere om fordelinga av budsjettmidlar sektorane imellom skal endrast, eller om aktiviteten skal reduserast ytterlegare for å budsjettere med overskot. Denne problemstillinga er først og fremst politikk.

Rådmannen meiner budsjetttrammene for 2018 ikkje bør reduserast meir enn dei 7.888.000 som i dag er lagt inn av disposisjonsfondet for å balansere drifta. Dette beløpet fører til omfattande kutt i sektorane, og dette kjem i tillegg til dei kutta som vart gjorde i den ordinære budsjettprosessen før jul. Med dei korrigerane som er omtala nedanfor, gjev dette eit overskot på 990.500, som rådmannen meiner bør delast mellom oppvekst og helse og omsorg for å imøtekome behovet for eit styrka barnehagebudsjett og eit litt romslegare budsjett for heimetenesta på Sandane.

Med 240.000 i ekstraintekter på finansieringskapitlet, blir bruken av disposisjonsfondet redusert til kr 7.648.000. Innsparingane på forsikring fordeler seg om lag slik:

- 300.000 på bygg og ting – hovudsakleg på MULTEK sitt område
- 100.000 på bilane – halvparten på helse og omsorg og halvparten på MULTEK sitt område
- 200.000 på personforsikringane – halvparten på helse og omsorg og halvparten på oppvekst.

Forsikringspremieane er budsjetterte på det området bygget/bilen/den tilsette er ført. Fordelinga på sektorane er ikkje 100 % nøyaktig, men rett nok.

Med desse føresetnadene blir rådmannen sitt framlegg til 'kuttramme' slik:

Formannskapet	kr	716.000
Oppvekstutvalet	"	2.619.000
Helse- og omsorgsutvalet	"	2.460.000
MULTEK-utvalet	"	1.853.000
Sum	kr	7.648.000

Det er pkt a og b i formannskapet sitt vedtak som må følgjast opp av hovdutvala.

Formannskapet har ikkje gått nærare inn på kva som ligg i endringane som er gjort samanlikna med tilrådinga frå rådmannen utover at det er nødvendig å ta ned drifta meir for å oppfylle kravet om å styrke disposisjonsfondet. Bakgrunnen for dette er sjølvst at vi står framfor store investeringar på skuleanlegget i Hyen og det nye omsorgsbygget.

Formannskapet legg til grunn at vi skal ta ut ei innsparing på 3 mill som følgje av stillingsstoppen. Det er ikkje sagt korleis dette skal gjerast, men for å få ut innsparingseffekten, må drifta ned tilsvarande. Rådmannen gjer framlegg om å fordele dette kuttet etter lønnsmassen i den førebelse 2017-rekneskapen. Tala ser då slik ut:

Område	Lønnsutg. i 2017	i %	Fordelt kutt
Formannskapet	kr 21.963.000	5,86%	175.800
Oppvekstutvalet	" 134.342.000	35,79%	1.073.700
Helse- og omsorgsutvalet	" 170.473.000	45,42%	1.362.600
MULTEK-utvalet	" 48.587.000	12,95%	388.500
Sum	kr 375.364.000	100,02%	3.000.600

Det er sjølvst andre måtar å fordele dette kuttet på, men kuttet kan ikkje inntektsførast – det må takast ut som reduksjon i rammene.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Som rådmannen skreiv til formannskapet: Heile saka dreier seg om økonomiske konsekvensar...

Rådmannen si vurdering

Rådmannen ber hovdutvala gjere vedtak om dei tiltaka som må til for å kome ned på ramma som formannskapet har sett. Med rådmannen sitt framlegg til fordeling av dei tre millionane frå stillingsstoppen, blir rammene for kutta slik:

Formannskapet	kr	1.075.000
Oppvekstutvalet	"	2.825.000
Helse- og omsorgsutvalet	"	4.460.000
MULTEK-utvalet	"	2.690.000
Sum	kr	11.050.000

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 29.01.2018

Behandling

Rådmann Jan Kåre Fure la fram saka, og rådet fekk høve til å stille spørsmål til helse- og omsorgssjef Anita Lothe og oppvekstsjef Per Arne Strand.

RAD- 003/18 Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at utsette grupper blir skjerma i nedskjæringar og gebyrauke.

Vedtaket var samrøystes.

Eldrerådet 29.01.2018

Behandling

Rådmann Jan Kåre Fure la fram saka, og helse- og omsorgssjef Anita E. Lothe var til stades og svarte på spørsmål.

ELD- 004/18 Vedtak

1. Eldrerådet minner om at Gloppen kommune i dag har for få plassar med heildøgnsomsorg, og det er under prosjektering eit nybygg med 20 plassar. For å drifte desse plassane treng ein anslagsvis 12 årsverk. For å finansiere dette har formannskapet vedteke eit budsjettramme for helse- og omsorgssektoren der det skal kuttast med 4 460 000,- kr. Dette heng ikkje saman, og kan etter eldrerådet si vurdering ikkje akseptast.

Vedtaket vart fatta mot ei stemme.

2. Eldrerådet ber leiar og sekretær om å sende ei oppfordring til fylkeseldrerådet og dei andre eldreråda i fylket, om å sende ei felles bekymringsmelding til partia på stortinget. Eldrerådet ber om det vert peika på at kommunane si økonomiske ramme ikkje er dekkande for å løyse nye oppgåver som er tillagt oss dei siste åra. Dette gjeld til dømes:

- konsekvensar av samhandlingsreforma
- auka lærartettheit og krav til meir kompetanse
- først ei oppbygging av tenester til flyktningar, deretter nedlegging og redusjon i tal flyktningar

Vedtaket var samrøystes.